

# Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: 27.05.2016, kl 09:00 – 12:00

Møtestad: Scandic Sunnfjord hotell, Førde

## Styremøtet var ope for publikum og presse

### Deltakarar frå styret

Jorunn Ringstad	Styreleiar
Agnes Landstad	Nestleiar
Helge Bryne	Medlem
Atle Hamar	Medlem
Liv Stave	Medlem
Harry Mowatt	Medlem
Geir Berge Øverland	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Mariann Hundsnes	Varamedlem

### Forfall frå styret

Berit J. Hornnes	Medlem
------------------	--------

### Deltakarar frå administrasjonen

Jon Bolstad, administrerande direktør  
Vidar Vie, viseadministrerande direktør  
Hans Johan Breidablik, fagdirektør  
Halfdan Brandtzæg, økonomidirektør  
Arne Skjelten, HR-direktør  
Vidar Roseth, samhandlingssjef/referent

### Andre deltakarar

Lisa Førde Refsnes, pasient- og brukarombod  
Guro Mjanger, seksjonsleiar Senter for helseforskning  
John Roger Andersen, gruppeleiar Senter for helseforskning

## Sakliste

---

020/2016	Godkjenning av innkalling og dagsorden
021/2016	Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 18.03.2016
022/2016	Administrerande direktør si orientering
023/2016	Rapportering frå verksemda per april 2016
024/2016	Langtidsbudsjett og investeringsplan 2017 - 2021
025/2016	Gulen kommune – opphøyr av samarbeidsavtalar – verksemds-overdraging av ambulansestasjon

### Saker til orientering:

026/2016	Årsmelding for 2015 for Pasient- og brukarombodet
027/2016	Beredskapsarbeid i Helse Førde – handlingsplan 2016 - 2017
028/2016	Statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde
029/2016	Nasjonale kvalitetsindikatorar og vidare kvalitetsutvikling i Helse Førde
030/2016	Eventuelt

Skriv og meldingar

Styreleiar Jorunn Ringstad ønskte velkomen til styremøte ved Scandic Sunnfjord hotell, Førde.

### Fagleg orientering:

*Pasient- og brukarombod Lisa Førde Refsnes orienterte om verksemda og la fram statistikk over saksmengd og typar av saker.*

Pasient- og brukarombodet er ein objektiv part som bistår i høve til oppfyljing av pasientrettar og som ofte fungerer som eit mellomledd og legg vekt på å vere løysingsorientert. Etter at ombodet besøkte ulike delar av fylket i 2015 har ordninga blitt meir kjent, og tal saker har auka vesentleg.

Pasient- og brukarombodet har eit godt statistikkverktøy og kan dra ut hovudtendensar frå sakene. Det er mange saker som stopper hos ombodet, fordi pasienten eller brukaren ikkje ønskjer å klage når ein t.d. skal tilbake til kontroll. Førde Refsnes trekte fram at eitt problem som går att ein del er at sjukehus lover kommunale tenester etter utskrivning.

Pasient- og brukarombodet ga uttrykk for at samarbeidet med Helse Førde er godt, og ombodet har i den seinare tida vore i alle klinikkråda, Nordfjord psykiatrisenter, kvalitetsutvalet og Avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering (ANRR). Det blir arrangert ein fagdag om avslutning av livsforlengande behandling i samarbeid med Helse Førde og KS den 22.09.16.

Førde Refsnes avslutta med at det i mange saker er enkle grep som skal til, men at ein må kunne forvente at alle som arbeider i helse- og omsorgstenestene presterer i høve til oppfyljing av pasient- og brukarrettar.

*Styret takka for ei god orientering og kommenterte at årsrapporten for 2015 frå Pasient- og brukarombodet er skriven på ein god måte.*

*På spørsmål frå styret opplyste pasient- og brukarombodet at ein del saker som gjeld alvorlege hendingar blir oversendt fylkesmannen på vegner av pasienten. Ombodet hjelper vidare til i alle saker der pasienten ønskjer å søke om pasientskadeerstatning.*

## 020/2016 Godkjenning av innkalling og dagsorden

*Styreleiar Ringstad orienterte om dagsorden, 3 dokument utsendt som «skriv og meldingar» og dokument utdelt i møtet:*

- Protokoll frå drøftingsmøte om langtidsbudsjettet med føretakstillitsvalde og hovudverneombodet den 25.05.2016
- Vedtak i sak om langtidsbudsjettet i FAMU den 25.05.2016.

### **Vedtak (samrøystes):**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## 021/2016 Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 18.03.2016

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 18.03.2016.

## 022/2016 Administrerende direktør si orientering

### **1. Strategiprosess i Helse Vest**

*Administrerende direktør Jon Bolstad gjekk gjennom premisser og planar for arbeid med strategi Helse2030 i Helse Vest.*

I samband med denne gjennomgangen vart det orientert om eit felles styreseminar knytt til strategiarbeidet den 29.09.2016.

### **2. Pasientens helseteneste**

*Viseadministrerende direktør Vidar Vie informerte om status og planar i programmet Pasientens helseteneste i Helse Førde.*

Det har våren 2016 vore arbeid i ei faggruppe med forankring, konkretisering og tydeleggjering av utviklingsplanen. Koblinga til Helse Førde sitt strategiarbeid blir sikra og ei analysegruppe går no inn i kvart av dei aktuelle områda for å talfeste ein del av grunnlaget. Styret vil få ei «løypemelding» om saka den 17.06.2016.

*Frå styret vart det gitt gode tilbakemeldingar på arbeidsmåten. På spørsmål om administrasjonen har oversyn over ressursbruken knytt til alle prosjekt, vart det opplyst at denne blir stadig betre og det vart vist til prosjektrapportering i komande styremøte.*

### **3. Strålebehandling**

*Fagdirektør Hans Johan Breidablik orienterte.*

Det vart vist til informasjon i siste styremøte som kunne tyde på dårleg samhandling mellom Helse Førde og Helse Bergen. Dette hadde samband med overgang til ein ny måte å gi strålebehandling på til ei lita pasientgruppe som tidlegare fekk både medikamentell behandling og strålebehandling. Dette var såleis ikkje teikn på eit vedvarande problem.

*På spørsmål vart det stadfesta at det er ulike forbruksrater knytt til lindrande strålebehandling i Hordaland og Sogn og Fjordane. Administrasjonen vil sjå nærare på dette.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek saka til orientering.

## 023/2016 Rapportering frå verksemda per april 2016

### Oppsummering:

*Fagdirektør Breidablik orienterte om ventetidssituasjonen, fristbrot, andel pasientar som ikkje har møtt til time, direkte timetildeling, epikrisetider, stryking av planlagde operasjonar, korridorpasientar og liggedøgn for utskrivingsklare pasientar.*

Det er framleis korte ventetider for ventande (gj.sn. 40 dagar, mot 72 dagar i april 2015), tal ventande (4 325, mot 5 970 i april 2015) og ventetider for behandla (gj.sn. 56 dagar, mot 73 dagar i april 2015). Det er få langtidsventande og lite fristbrot. For fram møte til time og direkte timetildeling har Helse Førde best tal i Helse Vest. Epikrisetider ligg omlag på same nivå som tidlegare. Det er gode resultat for andre indikatorar, men det er framleis nokre korridorpasientar.

*Økonomidirektør Halfdan Brandtzæg orienterte om aktivitet, økonomi og medarbeidarar.*

- Helseføretaket har no litt problem med aktivitetsmåling ved DRG-poeng på grunn av problem knytt til EPJ-systemet, relatert til nye retningslinjer for koding. Etter å ha korrigeret for auka pensjonskostnad er perioderesultatet negativt med 239 000 kr, som er 823 000 kr dårlegare enn budsjett. Aktivitetsbaserte inntekter var lågare enn budsjett og personalkostnadene har i perioden vore høgare enn forventa. Særleg har det vore høge kostnader til overtid og ekstrahjelp.
- Hittil i år har aktivitetsbaserte inntekter så langt vore lågare enn venta. Det har vore ein nedgang i tal innlagde pasientar samanlikna med budsjett og fjoråret. Den polikliniske aktiviteten har vore høgare enn budsjett, og dette forklarar noko av det positive avviket for andre driftsinntekter/eigendelar. Det har vore lågare kostnader til kjøp av tenester i andre regioner. Det har og vore lågare utgifter til medikament så langt i år. Kostnadene til overtid og ekstrahjelp er høgare enn budsjett. Samla er resultatet så langt 424 000 kr betre enn budsjett.
- Basisløyvinga vil truleg bli justert ned tilsvarende den låge pensjonskostnaden. Ein reknar likevel med å klare å halde budsjettføresetnadene på årsbasis.
- Brutto månadsverk, målt ved lønsutbetaling, ligg ein del høgare enn på same tid i fjor. Dette vil bli nærare analysert og følgd opp.
- Sjukefråveret i mars var på 6,6 prosent, om lag på same nivå som i mars 2015.

*Styret stilte spørsmål i høve til den samla verksemdsrapporten. På spørsmål om tiltak for å unngå korridorpasientar heilt, vart det vist til at det blir arbeidd med dette i programmet Pasientens helseteneste og på fleire nivå. Ein har også fått eit verktøy som gjer at det er mogeleg å sjå kvar det er ledige senger som kan brukast i andre avdelingar på sjukehuset.*

*På spørsmål om registrerte brot på rutinar for informasjonstryggleik, vart det opplyst at dette er mindre alvorlege enkelthendingar som ikkje indikerer behov for systemendingar.*

*Det vart sett fram ønskje om at administrasjonen i framtidig rapportering inkluderer beleggsprosenten for heile verksemda og klinikkvis.*

*Styret ga gode tilbakemeldingar på resultatet av arbeidet med ventetidene og at ein tidleg analyserer og følger opp negative trendar, som t.d. den ikkje budsjetterte bemanningsauken. Det vart peikt på at det framleis må arbeidast med å unngå korridorpasientar.*

### Vedtak (samrøystes):

Rapportering frå verksemda per april 2016 vert teken til vitande.

# 024/2016      Langtidsbudsjett og investeringsplan 2017 - 2021

## Oppsummering:

Helse Førde utarbeider årleg eit langtidsbudsjett for dei neste fem åra. Dokumentet inngår i Helse Vest RHF sitt langtidsbudsjett for føretaksgruppa for same periode. Vidare skal føretaka som har store utbyggingsprosjekt syne konsekvensane over ein periode på ti år. Målet er å skape ei meir føreseieleg ramme for verksemda ved å utarbeide eit langtidsbudsjett i tillegg til dei årlege budsjetta.

*Økonomidirektør Halfdan Brandtzæg orienterte om føresetnader for og framlegg til langtidsbudsjett og investeringsplan.*

Langtidsbudsjettet er basert på føringar frå Helse Vest, «effektiviserings- og avbyråkratiseringsreforma» og dei driftsresultata Helse Førde må ha framover for å kunne gjennomføre planlagd bygningmessig utvikling. For å oppnå dette må det gjennomførast ein reduksjon i lønskostnader tilvarande om lag 50 årsverk fram til 2021. Dette tilsvarer den ikkje planlagde veksten i bemanninga frå 2014.

Område der det er lagt inn auke i budsjettet er legemiddel, prehospitala tenester og behandlingshjelpemiddel.

*Styret kommenterte at langtidsbudsjettet i stor grad er bygd på tidlegare vedtak. Det vart understreka at det er viktig å gjere gode vurderingar av det framtidige kapasitetsbehovet i føretaket og at gevinstar av prosjekt som gir driftsmessige føremoner faktisk blir tekne ut. Styret ønskte løpande informasjon om konsekvensane av dei planlagde driftsmessige endringane.*

## Vedtak (samrøystes):

1. Styret syner til saksframlegget og vedtek langtidsbudsjettet for 2017 - 2021, med dei inntekts- og kostnadsrammer som går fram av tabellen under:

Resultatbudsjett (beløp i heile tusen)	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Basisramme	2 043 405	2 037 093	2 030 808	2 024 550	2 018 319	2 012 116
ISF eigne pasientar (inkl. kostn.krev. legem. utenf. sjukeh.)	590 456	597 325	608 503	616 737	621 049	623 284
Gjestepasientar	21 108	21 108	21 108	21 001	21 001	21 001
Polikliniske inntekter	49 846	49 846	49 846	49 835	49 835	49 835
Øyremerka tilskott	36 393	36 223	36 223	36 223	36 223	36 223
Andre driftsinntekter	154 166	155 880	157 368	157 289	157 409	157 529
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>2 895 374</b>	<b>2 897 476</b>	<b>2 903 856</b>	<b>2 905 636</b>	<b>2 903 837</b>	<b>2 899 988</b>
Kjøp av helsetenester	147 516	147 753	147 572	147 522	139 972	139 922
Varekostnader knytta til aktiviteten i føretaksgruppa	277 962	279 499	285 986	291 052	297 076	301 010
Innleid arbeidskraft - del av kto 458	21 739	16 619	14 619	12 619	12 119	12 119
Lønn til fast tilsette	1 269 744	1 268 957	1 269 915	1 254 043	1 246 478	1 239 439
Overtid og ekstrahjelp	92 932	91 932	88 663	88 163	88 913	88 913
Pensjon inkl arbeidsgiveravgift	384 079	384 079	384 079	383 860	383 860	383 860
Offentlige tilskudd og refusjonar vedr arbeidskraft	-48 603	-48 603	-48 603	-48 603	-48 603	-48 603
Annen lønn	194 918	195 558	195 449	195 082	194 759	194 506
Avskrivningar	101 150	73 747	77 944	87 202	91 229	94 594
Nedskrivning	0	0	0	0	0	0
Andre driftskostnader	444 837	461 618	460 939	460 447	460 052	458 007
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>2 886 274</b>	<b>2 871 159</b>	<b>2 876 563</b>	<b>2 871 386</b>	<b>2 865 854</b>	<b>2 863 766</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>9 100</b>	<b>26 317</b>	<b>27 294</b>	<b>34 249</b>	<b>37 982</b>	<b>36 222</b>
Finansinntekter	1 400	1 400	1 400	1 400	1 400	1 400
Finanskostnader	3 500	3 717	3 694	3 649	11 382	11 622
<b>Finansresultat</b>	<b>-2 100</b>	<b>-2 317</b>	<b>-2 294</b>	<b>-2 249</b>	<b>-9 982</b>	<b>-10 222</b>
<b>Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget</b>	<b>7 000</b>	<b>24 000</b>	<b>25 000</b>	<b>32 000</b>	<b>28 000</b>	<b>26 000</b>

*Føretaket må arbeide vidare for å konkretisere omstillingstiltak og driftstilpassingar for å realisere resultatkravet i langtidsperioden. Særleg merksemd bør vere rundt:*

- *Effektivisering som følgje av gjennomføring av arealplanen for Førde Sentralsjukehus*
- *Implementering av ny informasjonsteknologi og uttak av dei moglege gevinstar det gir*
- *Utviklinga av bemanninga dei seinaste åra*

2. *Styret syner til saksframlegget og vedtek investeringsplanen for 2017 - 2021 slik han ligg føre.*
3. *Styret syner til saksframlegget og vedtek å disponere 5 millionar kroner frå tidlegare års ubrukte investeringsmidlar til høvesvis sluttfinanisering av ambulansestasjon i Sogndal med 4,6 millionar og at resten skal disponerast til MTU.*

## **025/2016 Gulen kommune – opphøyr av samarbeids-avtalar – verksemdsoverdraging av ambulansestasjon**

### **Oppsummering:**

Gulen kommune har søkt Helse Vest RHF om overføring til Helse Bergen HF sitt føretaksområde. Styret i Helse Vest RHF har gjort vedtak om at føretaksgrensa ikkje skal endrast, men at Gulen kommune kan bruke Haraldsplass Diakonale Sykehus og Haukeland universitetssjukehus for øyeblikkeleg hjelp og elektiv verksemd.

Det vert tilrådd at gjeldande rammeavtale og tilhøyrande delavtalar/særavtalar mellom Helse Førde og Gulen kommune opphøyrer frå gjennomføringstidspunktet 01.09.2016, og at Gulen kommune frå dette tidspunktet har samarbeidsavtalar med Helse Bergen. Vidare vert det tilrådd verksemdsoverdraging av ambulansestasjonen i Gulen til Helse Bergen.

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Styret i Helse Førde HF sluttar seg til at helseføretaket sine samarbeidsavtalar med Gulen kommune opphøyrer med verknad frå 01.09.2016.
2. Styret i Helse Førde HF gir administrerande direktør fullmakt til å inngå avtale om og til å gjennomføre verksemdsoverdraging av ambulansetenesta ved Gulen ambulansestasjon frå Helse Førde HF til Helse Bergen HF, gjeldande frå 01.09.2016.

## **026/2016 Årsmelding for 2015 for Pasient- og brukarombodet**

### **Oppsummering:**

Pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane har lagt fram årsmelding for 2015 (dokument vedlagt). Arbeidsområdet omfattar den statlege spesialisthelsetenester og kommunale helse- og sosialtenester til 109 000 innbyggjarar i Sogn og Fjordane, fordelt på 26 kommunar.

### **Vedtak (samrøystes):**

Årsmelding 2015 frå Pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane vert teke til orientering.

## 027/2016      Beredskapsarbeid i Helse Førde – handlingsplan 2016 - 2017

### Oppsummering:

Saka er ei orientering til styret om Helse Førde sin planar knytt til beredskapsarbeidet i perioden 2016-2017. Helse Førde vil i denne perioden legge til rette for å levere i høve til styringsdokumentet frå Helse Vest, som gir føringar for arbeidet.

Vidare krev lovverket at helseføretak skal utarbeide beredskapsplanar for tenestene dei er ansvarlege for, samt samordne sine beredskapsplanar med andre beredskapsaktørar. Nasjonal og regional helseberedskapsplan gir føringar for organiseringa av helseberedskapsplanen og er såleis rammeverk for beredskapsplanlegging og beredskapsarbeidet i helseføretaket.

*Adm. direktør peikte på at saka spesielt viser korleis ein set den regionale beredskapsplanen inn i Helse Førde sin kontekst og kva helseføretaket tek sikte på å gjere.*

### Vedtak (samrøystes):

Styret tek saka til orientering.

## 028/2016      Statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde

### Oppsummering:

Helse Førde har ein eigen strategi for forskning og innovasjon for 2014-2020, og ein handlingsplan for same tidsperioden. Desse legg føringar for forskings- og innovasjonsaktiviteten i perioden.

Statusrapporten gir informasjon om resultatane for 2015 i tillegg til å vise utviklinga på vitskaplege publikasjonar. I den seinare tida har det også vore arbeidd meir målretta med innovasjon.

*Gruppeleiar John Roger Andersen orienterte om forskning på klinisk tilbakemeldingssystem (NORSE) innan psykisk helsevern, ein pilot bygd på same metodikk på stomi-poliklinikken og planar om eit større prosjekt bygd på NORSE i høve til pasientar operert for sjukeleg overvekt.*

*Andersen kom vidare inn på krav som må vere oppfylte for å kunne få eksterne forskingsmidlar, og at Helse Førde er i front og i god posisjon på desse områda:*

- *Psykisk helse relatert til klinisk tilbakemeldingssystem*
- *Behandling av fedme*
- *Helseeffektar av fysisk aktivitet*
- *Metabolikk*

*Seksjonsleiar Guro Mjanger informerte om dialogkonferansen med næringslivet den 23.05.2016, der det var 74 deltakarar frå næringslivet. I den nasjonale strategien for forskning og innovasjon er slik kontakt med næringslivet framheva. Det har vore gode tilbakemeldingar på tiltaket. Helse Førde sitt idéemottak vart lansert på konferansen.*

*Styret ga gode tilbakemeldingar på arbeidet. Behovet for forskning i samspel med det kliniske arbeidet i Helse Førde vart understreka. Det vart bedt om eit oversyn over kor stor andel av legane i helseføretaket som er involvert i forskning. Administrasjonen kjem tilbake til dette.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde til vitande.

## **029/2016      Nasjonale kvalitetsindikatorar og vidare kvalitetsutvikling i Helse Førde**

### **Oppsummering:**

Helse Førde har over tid hatt best resultat i ei samanlikning innan Helse Vest basert på nasjonale kvalitetsindikatorar. Dette er klart positivt for pasientane og for verksemda, og har også tilført helseføretaket ekstra midlar gjennom den kvalitetsbaserte finansieringa

*Fagdirektør Hans Johan Breidablik orienterte.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek saka til orientering.

Styret understrekar at det gode kvalitetsutviklingsarbeidet i Helse Førde HF må vidareførast og at det vert arbeidd systematisk med identifisering av nye forbetningsområde.

## **030/2016      Eventuelt**

Det var ingen saker under eventuelt.

## **Skriv og meldingar**

### **Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:**

- Samhandlingsnytt, mai 2016
- Samhandlingsnytt, april 2016
- Tilsynsmelding 2015 – Helsetilsynet

### **Følgjande skriv og meldingar vart utdelt i møtet:**

- Protokoll frå drøftingsmøte om langtidsbudsjettet med føretakstillitsvalde og hovudverneombodet den 25.05.2016
- Vedtak i sak om langtidsbudsjettet i FAMU den 25.05.2016.



Ref. Vidar Roseth

---

Jorunn Ringstad  
Styreleiar

---

Agnes Landstad  
Nestleiar

---

Helge E. Bryne

---

Harry Mowatt

---

Liv Stave

---

Atle Hamar

---

Wenche Kristin Røkenes

---

Randi Aven

---

Geir Berge Øverland

---

Mariann Hundsnes  
Varamedlem